

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 15.07.2021

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Maren Stapnes Ege

SAKA GJELD: **Helseføretaka sitt finansieringsansvar for legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon – status på oppfølging i Helse Vest per august 2021**

ARKIVSAK: 2020/258

STYRESAK:

STYREMØTE: 01.09.2021

Administrerende direktør si orientering pkt. [X]

.....

Helseføretaka sitt finansieringsansvar for legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon – status på oppfølging i Helse Vest per august 2021

Bakgrunn for saka:

I 2018 blei det sett i verk ei rekke endringar i reglane for finansiering av legemiddel i Norge. Tidlegare fekk fleire pasientar stønad til pasientadministrert legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon frå folketrygda. Bruk utanfor godkjend indikasjon omfattar bruk av legemiddel til ein annan tilstand enn den/dei som står i den godkjende preparatomtalen, og bruk av medikament som ikkje er marknadsførte i Norge. Etter regelendringane er det helseføretaka som har finansieringsansvaret for all legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon som blir starta opp i spesialisthelsetenesta. I 2020 kom det fram at ein del helseføretak og sjukehuslegar ikkje har oppfatta konsekvensane av desse regelendringane. Dette har ført til at enkelte pasientar sjølv har betalt for legemiddel på resept som dei har krav på å få dekte av helseføretaket.

Oppfølging i Helse Vest:

Helse Vest RHF har informert sjukehusføretaka i regionen om deira ansvar for å finansiere pasientadministrert legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon som blir starta opp i spesialisthelsetenesta. Ingen pasientar skal betala for desse medikamenta sjølv. Helse Vest har bedt helseføretaka om å spore opp eigne pasientar som kan ha betalt for slik behandling, slik at desse kan få tilbakebetalt eventuelle utgifter frå helseføretaket. Helse Vest har også bedt føretaka om å vurdere om dei har hatt pasientar som av økonomiske omsyn har gått glipp av behandling som helseføretaka skulle ha finansiert.

Alle dei fire sjukehusføretaka i Helse Vest har jobba med å spore opp pasientar som kan ha betalt for legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon. Dette har vore eit krevjande og manuelt arbeid for helseføretaka. Alle føretaka har no identifisert aktuelle pasientar. Per juli 2021 ser dette ut til å gjelde omlag 800 pasientar totalt sett i Helse Vest. Desse pasientane får brev frå føretaka med informasjon om korleis dei skal gå fram for å få refundert eventuelle utgifter som dei urettmessig kan ha blitt påførte. Arbeidet med oppfølging av denne saka vil fortsette utover hausten 2021.

Det finst inga elektronisk oppgjersordning for legemiddel på resept som helseføretaka skal finansiere, men som ikkje kjem inn under H-reseptordninga. Helseføretaka i Helse Vest arbeider difor for å innføre mellombelse, til dels manuelle rutinar for å sikre at pasientar i regionen ikkje må leggje ut for denne typen legemiddelbehandling når dei hentar ut nye reseptar.